

Radøy Idrettslag

5939 Sletta.

Radøy kommune

Radøyvegen 1690

5936 Manger

5939 Sletta 30.november 2015

Austmarka kunstgrasbane – anleggsnummer 1260004201 – Søknad om stønad til anlegget.

Det vert synt til tidlegare søknader om forskottering av meirverdiavgifta – Formannskapssak 067/13 – arkiv K 2-D 11 – arkivsak 11/418.

Radøy Idrettslag har no, etter søknad til Lotteri- og stiftelsestilsynet, fått tildelt kr. 1.021.260,- i mva-kompensasjon.

Den endelege rekneskapen for anlegget syner, etter frådrag for mva-kompensasjonen, ei gjeld til Radøy kommune på kr. 261.852,-. Dette har samband med at Radøy kommune stod som byggherre for anlegget, noko som var eit krav for å få midlar frå Trond Mohn, og kommunen sto og for ut- og innbetalingar inntil rekneskapen etter kort tid vart overført til Radøy Idrettslag.

Vedlagt fylgjer rekneskapssamandrag med revisoruttale og påteikning om godkjenning av anlegget frå Radøy kommune. Endeleg oppgjer syner der eit udekka krav til Radøy kommune på Kr. 261.852,-.

Radøy Idrettslag er eigar av anlegget, medan Radøy/Manger Fotballklubb er brukar, etter avtale med Radøy Idrettslag. Anlegget vert nytta av alle laga i fotballklubben, frå dei minste til seniorlaget. Inntil Radøy Idrettslag får realisert planlagt garderobebygg ved anlegget vert garderobane i Sæbø skule nytta, etter avtale mellom fotballklubben og kommunen. Garderobane vert i hovudsak nytta i samband med trening og kampar for seniorane og dei eldste aldersbestemte laga.

Anlegget kan elles nyttast av skulen, i den grad dei ønskjer det, og av dei som bur i området til uorganisert trening.

Radøy Idrettslag er særst glad for Radøy kommune sin positive medverknad til realisering av anlegget, både som byggherre og med forskottering av mva-kompensasjonen.

Kunstgrasbana er av god kvalitet og såleis eit stort aktivum både for fotballaget og for alle som bur i nærområdet. Lokale krefter har lagt ned ein stor dugnadsinnsats i samband med bygging av anlegget, og Radøy/Manger fotballklubb har etter avtale med Radøy Idrettslag avsvart for vedlikehald og stell av anlegget.

Radøy Idrettslag er og eigar av grasbana på Sletta, og er medeigar i samfunnshuset «Skogen». Drift og vedlikehald av bana på Sletta ligg til Radøy Idrettslag, og bana vert etter avtale utleigd til Radøy/Manger fotballklubb.

Radøy Idrettslag vil i denne samanheng takka Radøy kommune for den årlege støtta som laga får til drift av anlegga.

Radøy Idrettslag har i hovudsak tilbod til born/ungdom innan idrettsskule og turnaktivitetar. Aktivitetane føregår i samfunnshuset på Sletta og i idrettshallen på Sæbø skule. Laget har i dei seinare åra investert monaleg i tidhøveleg utstyr, og det er stor oppslutnad om aktivitetane. Me ønskjer å halda oppe og utvida tilbodet og det krev både godt utstyr og mange frivillige hjelparar.

Radøy Idrettslag søker med dette om tilskot til dekking av restgjelda til Radøy kommune, stor kr 261,852,-.

På førehand takk for positiv handsaming av søknaden.

Vyrdsamt

For Radøy Idrettslag



Olav Steinar Namtvedt

styreleiar

Vedlegg:

Rekneskapssamandrag

Revisoruttale